

EØS-ORGANER

EØS-KOMITEEN

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 175/2015

2017/EØS/3/01

av 10. juli 2015

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd (EU) 2015/567 av 7. april 2015 om endring av vedlegg I til vedtak 2003/467/EF med omsyn til fråsegna om at medlemsstaten Litauen er offisielt fri for tuberkulose hjå storfebuskarar⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Denne avgjerda gjeld føresegner om andre levande dyr enn fisk og akvakulturdyr. Som nemnd i nr. 2 i den innleiande delen til kapittel I i vedlegg I til EØS-avtala skal slike føresegner ikkje gjelde for Island. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Island.
- 3) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukter er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 4) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg I kapittel I del 4.2 nr. 70 (kommisjonsvedtak 2003/467/EF) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32015 D 0567:** Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd (EU) 2015/567 av 7. april 2015 (EUT L 93 av 9.4.2015, s. 69).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsavgjerd (EU) 2015/567 på norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 11. juli 2015, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

⁽¹⁾ TEU L 93 av 9.4.2015, s. 69.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfërda i Brussel 10. juli 2015.

For EØS-komiteen

Atle Leikvoll

Formann